

MOTTATT

2-8 AUG 2014

Kulturdepartementet,

Boks 8030 Dep.

0030 Oslo

## Høyring av NRK-plakaten.

**Høyringssvar frå Sandefjord og Sandar Mållag**, Postboks 1716 Kilen, 3206 Sandefjord.

Sandefjord og Sandar Mållag meiner at NRK-plakaten ser ut til å gjeva gode og tenelege retningslinjer for oppgåvene NRK bør ha i samfunnet vårt.

Plakaten med det innhaldet han etter redigeringa 18. juni 2012, må framleis vera retningsgjevande for arbeidet til NRK i åra framover. **Dei seks hovudkrava må stå ved lag.**

Likevel har vi ein del merknader til nokre av paragrafane i plakaten. Det vil kunna vera tenleg med litt tillegg eller presiseringar i nokre av paragrafane.

### Merknader til:

#### §13 a.

På ein del stader der det er fastbuande her i landet, har ein enno ikkje høve til å kunna få inn program frå NRK. Det bør vera ei prioritert oppgåve for NRK å oppfylle målsetjinga i denne paragrafen.

#### §13 c.

#### **Utforminga av NRK sine program må ta omsyn funksjonshemma.**

Mange av programma til NRK vert sende med mykje lyd i tillegg til det verkelege programinnhaldet. Det kan vera bakgrunnsmusikk eller anna bakgrunnsstøy. Slike tilleggslydar gjer det vanskeleg og kanskje uråd å få med programinnhaldet for lydarar med skadd og nedsett høyrslé.

**Der det let seg gjera, bør bakgrunnsmusikk og bakgrunnsstøy fjernast eller bli dempa mest mogleg.**

I program der det er veksling mellom musikk og tale, er **ofte lyden mykje sterkare på musikken enn på talen**. Mange må skru lyden opp for å få med talen i programmet. Då vert musikken alt for sterk. Det vert slitsamt dersom ein stadig må regulere lydinnstillinga på mottakaren. Mykje av opplevinga med programmet vil då verta øydelagt.

**Lydnivået bør vera om lag like sterkt på tale og musikk.**

§14 b, d, e og g og § 15 g.

**Målsetjinga om at minst 25% av innhaldet av NRK tilbodet skal vera på nynorsk må stå ved lag. Dette må vera målsetjinga for alle programområda til NRK på radio, fjernsyn, nett, mobil og andre moglege medietenester.**

**NRK-medarbeidarar bør nytte normert nynorsk i annonsering av program og i dei faste informasjonsprogramma i radio og fjernsyn.**

Bruk av normert nynorsk i radio, fjernsyn og nettenester vil vera med å auke vyrdnaden for nynorsk og fremje bruk av nynorsk elles i samfunnet. Det vert lettare for ungdom i bokmålsområde å skrive nynorsk når dei er vane med å høyre og lesa normert nynorsk på NRK sine program. Ungdom som har nynorsk som hovudmål, får auka språkleg sjølvtilitt og tru på nynorsk som bruksmål. Dette vil vera med å fremje språkleg jamstilling i samfunnet.

Det er og viktig at det vert **nytta ulike dialektar** i ein del **program både for vaksne og born på rikssendingane.**

**I lokalsendingane bør det vera stort rom for bruk av dialekt.**

**Svenske, danske, islandske og færøyske program bør bli teksta og sende med lyd på originalspråket.**

Auka kjennskap til dialektar i eige land og talemål i granneland er viktig grunnlag for framtidig læring på fleire område for born og unge.

Betre kjennskap til ulike dialektar og grannespråk gjer det lettare å samtale med folk frå andre delar av landet og frå granneland.

**Kravet om at minst 35 % av musikken som vert sendt i NRK må vera norsk, må stå ved lag.**

For å fylle krava tilspråkbruken i NRK, er det **viktig at NRK knyter til seg tilstrekkeleg mange støe nynorskbrukarar.**

**NRK må gje gode vilkår for Nynorsk mediesenter.**

Me ser fram til at det vert lagt fram ei stortingsmelding som gjev gode vilkår for vidare arbeid med språkleg jamstilling her i landet.

Sandefjord, 25.august 2014.

Helsing

Sandefjord og Sandar Mållag

*Hæge Roholdt Brunvatne*  
v/ Hæge Roholdt Brunvatne ( leiar i laget)